

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I VIK KOMMUNE.

Gjeldande frå 17.12.2020

Vedteke i kommunestyret den 17.12.2020, sak 098/20.

#velkomentilvik



Innhald

Innleiing: 3

§1. Eigartilhøve:	3
§2. Føremål:	3
§3. Lovverk m.m:	4
§4. Forvaltning, utval og råd:	4
§ 5. Arealnormer:	5
§ 6. Opningstider:	5
§ 7. Barnehageåret:	5
§8. Plass tilbod:	6
§9. Ferie:	6
§10. Opptak og opptakskrins:	6
§11. Oppseiing av plass:	8
§ 12. Klageorgan/klagehandsaming:	8
§13. Foreldrebetaling:	8
Kjøp av einskild – dagar:	9
Nasjonal ordning for reduksjon av foreldrebetalinga:	9
Fritak for betaling i barnehagen:	9
Det vert ikkje gjort fritak frå betalinga for følgjande søknader:	10
§ 14 tap av plass:	10

Innleiing:

I desse vedtekten finn de det som er bestemt om drifta av barnehagane.
Vedteke av Vik kommunestyre i sak 098/20.

§1. Eigartilhøve:

Vik kommune eig og driv 4 kommunale barnehagar:

Fresvik

Feios

Vik – inkludert avdeling Vangsnæs og Bødalen

Valsvik

Desse vedtekten gjeld for dei kommunale barnehagane.

§2. Føremål:

Lov om barnehage §1:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få oppleve skaparglede, undring og utforskarkrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskap og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og ta på alvor barndommen sin eigenverdi. Han skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

§3. Lovverk m.m:

Barnehagane skal drivast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande *Lov om barnehagen* (*barnehagelova*) med tilhøyrande forskrifter og elles retningslinjer fastsette av Kunnskapsdepartementet, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage.

I fylgje Lov om barnehagar § 7 skal eigar av barnehagen fastsetja vedtekter i barnehagen. Vedtekten skal gje opplysningar som er av betydning for foreldre/føresette sitt forhold til barnehagen, her under:

- a) Eigarforhold
- b) Føremål, jamfør §§1 og 1a
- c) Opptakskriterie
- d) Tal medlemmar i samarbeidsutvalet
- e) Opningstid

§4. Forvaltning, utval og råd:

Kommunestyret er forvaltningsorgan for barnehagane i kommunen.

Barnehagane vert administrert av rådmannen. Kvar barnehage skal ha foreldreråd og samarbeidsutval i samsvar med *Lov om barnehagar*.

Samarbeidsutvalet skal vera eit samarbeidsorgan for foreldre, personale og eigar og skal ha ansvaret for den alminnelege drifta i nær kontakt med styrar i barnehagen.

Vik barnehage inklusive Bødalen og Vangsnes har eit samarbeidsutval.

Feios oppvekstsenter er sam lokalisert med skule og barnehage. Der skal det vera felles samarbeidsutval og/eller foreldreråd. Her skal foreldre/føresette og tilsette både frå barnehage og skule vera representerte i utvalet.

1) Samarbeidsutvalet for Valsvik, Feios og Fresvik barnehagar:

Ved felles SU for barnehage og skule i Feios

1. representant med vara for eigar, 4.års valbolt
1. representant med vara for tilsette, 1 års valbolt
1. representant med vara for foreldra 1 års valbolt
1. representant med vara for tilsette og 1 representant for med vara for foreldre går saman med dei SU representantane som er valde for skulen og eigarrepresentanten.

2) Samarbeidsutval for Vik barnehage (inklusive Vangsnæs og Bødalen):

Dei avdelingane i Vik barnehage som ikkje er samlokalisert med resten av barnehagen bør ha eigne foreldrerepresentantar i SU.

2. representantar med vara for eigar, 4 års valbolt
- 3 representantar med vara for dei tilsette, der minst ein har si stilling knytt til avdelingane Bødalen eller Vangsnæs, 1. års valbolt
- 3 representantar med vara for foreldra, ein av desse representantane skal vera frå Vangsnæs 1 års valbolt

Kommunen sine representantar skal veljast av kommunestyret, slik at valet vert ein del av den faste posten på val som vert gjort av kommunestyret kvart 4.år.

3) Foreldreråd:

Foreldreråd er foreldre/føresette til alle borna i gjeldande barnehage. Ved røysting vert det gjeve ei røyst for kvart born, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

§ 5. Arealnormer:

Kravet til areal tek utgangspunkt i sentralt gjevne normer og retningslinjer. Netto leike og oppholdsareal er 4,0 m² per barn over 3 år, og 1/3 meir for born under 3 år.

§ 6. Opningstider:

Alle barnehagane har i utgangspunktet eit heildags tilbod. Tilboden vert organisert innanfor ei dagleg opningstid på maksimalt 9 timer (Vik barnehage 8 timer og 45 minutt), og held ope måndag – fredag når dette er vanlege yrkesdagar. Halv barnehageplass («redusert tilbod») organiserast som heile dagar, der barnet går hhv. 2 og 3 dagar annakvar veke.

§ 7. Barnehageåret:

Eit barnehage år varer frå veke 33 det eine året til veke 32 det neste.

Barnehagane er stengde på laurdagar, søndagar, helge og høgtidsdagar og på jul og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane kl 12.00. I tillegg har barnehagane stengt 5 planleggingsdagar per år. Desse planleggingsdagane vert freista lagt til skulen sine feriar.

Dersom ein barnehage har mindre enn 4 born ved inngangen av barnehageåret vert den ikkje driven dette året. Born som har søkt plass i den aktuelle barnehagen vil då få tilbod om plass i ein annan barnehage.

§8. Plassstilbod:

Barnehagane gjev følgjande plassstilbod:

100%

50%

Tilbodet om dagar må tilpassast drifta og gruppесamusetjinga i kvar einskild barnehage. Dei som søker redusert plass kan ikkje alltid rekna med å få innfridd ønsket sitt om barnehagedagar.

§9. Ferie:

Borna skal ha 3 veker samanhengande ferie. Hovudregelen er at ferien vert avvikla innan igangverande barnehage år. Hovudferien til barnet skal vera avtala på førehand.

Barnehagane i Fresvik, Feios og Valsvik er stengde 3 veker i fellesferien. Vik barnehage er heilårsopen. Dette gjeld også for avdelingane Bødalen og Vangsnes. Hovudferien i Vik barnehage må avviklast i skuleferien (veke 25 – 32).

Foreldre/føresette må kvart år gje melding til barnehagen innan 01.mai om kor tid dei tek borna ut i ferie. Dei som ikkje melder i frå om ferie innan fristen, går ut av barnehagen i fellesferien.

§10. Opptak og opptakskrins:

Vik kommune har **eit samordna (1) hovudopptak** på våren, kvart år.
Søknadsfristen er **1.mars**.

Fristar og rutinar vert kunngjort gjennom oppslag, annonse og internett.

Retten til barnehage gjeld for born som fyller eitt år seinast innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass. *Retten til barnehage gjeld og berre dersom ein søker innan fristen for hovudopptaket.*

Foreldre som bur i Vik kommune kan søkja barnehageplass til barnet sitt, og **hovudregelen er at heile kommunen vert rekna som opptakskrins.**

Ein prøver så langt som råd at borna får plass i geografisk nærmeste barnehage som har ledig plass.

Dersom barnehagane har ledige plassar, kan desse nyttast av søkerar utanfor kommunen.

Foreldra må sjølve vurdera når retten til barnehage gjeld, og søkja om plass i barnehagen innan fristen for hovudopptaket 1.mars.

Ordinær søknad om opptak skal sendast Vik kommune på fastlagde skjema innan fristen som er sett i utlysing.

Det er barnehageadministrasjonen i kommunen som gjennomfører opptaket, ilag med styraren i barnehagen. I opptaket vert det tildelt plassar ut i frå to lister. Ei for born under 3 år og ei for born over 3 år.

Borna som har søkt og som tilfredsstiller retten til barnehage, vert tekne inn i hovudopptaket. Ein syner her og til gjeldande kriteria. Etter ei pedagogisk heilskapsvurdering eller andre grunnar, er det høve til å fråvika kriteria. Ved opptaket skal det leggjast vekt på å sikra god og kostnadseffektiv drift av barnehagane i kommunen.

Kriteria for hovudopptaket:

1. Born med nedsett funksjonsevne (jf §13 i barnehagelova) eller barn med vedtak etter Lov om barnevern tenester.
2. Barn i familiar med særlege sosiale/helse – eller miljøtilhøve som gjer at barnet kan ha nytte av opphold i barnehagen.
3. Sysken med rett til plass, har førerett til plass i same barnehage.
4. Barn som har trong for språkleg og kulturell integrering og der begge foreldra er tospråklege/framandspråklege med ein anna språkbakgrunn enn norsk. Dette gjeld likevel ikkje dei som har samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål.
5. Barn som har plass i barnehagen som ynskjer endra opphaldstid eller å byta barnehage
6. Resten av borna vert prioriterte etter alder. Eldre born går føre yngre born.

Det skal takast omsyn til gruppесаманsetjing ved opptak.

Ved søknad om opptak etter opptaksreglane pkt. 1 og 2 skal det leggjast ved dokumentasjon av nyare dato frå sakkunnig instans som t.d. helsestasjon, sosialkontor, barnevern eller pedagogisk psykologisk teneste (PPT). Av dokumentasjon må det gå klart fram kvifor barnet har særleg trøng for barnehageplass framføre andre born.

Søkjrarar som har plass og som ynskjer å byta til annan barnehage/anna avdeling, må søkja på nytt og vert vurdert som ny søker (jamfør kriteria pkt. 5).

Barn som ikkje får plass ved hovudopptaket, eller som søker plass i løpet av året, vert sett på venteliste. Dersom det vert ledige barnehageplassar seinare, vert ventelista lagt til grunn for tildelinga av plass. **Det er likevel opptaksriteria som avgjer kva plass ein har på ventelista, ikkje tidspunktet for søknaden.**

Om ein takkar nei til tildelt plass må ein gje beskjed om ein ynskjer å stå på ventelista, elles vert søknaden sletta.

§11. Oppseiing av plass:

Barn som har fått barnehageplass beheld denne til den vert sagt opp, eller til barnet når skulepliktig alder.

Oppseiing av barnehageplassen skal sendast skriftleg, med minst ein månad varsel.

I perioden 1.februar til 1.august er oppseiingstida 3. månader.

§ 12. Klageorgan/klagehandsaming:

Vedtak om tildeling av plass i barnehagen er eit einskildvedtak, og kan soleis klagast på.

Vik formannskap er klageorgan ved klage på tildeling av plass i barnehagen.

Klagen skal handsamast etter Forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage.

Klaga skal vera skriftleg og grunngjeven. Klaga skal sendast Vik kommune.

Formannskapet sitt vedtak i ei klagesak er endeleg.

§13. Foreldrebetaling:

Betaling og søskenmoderasjon vert regulert gjennom § 15 i Lov om barnehagar (barnehagelova) og til ei kvar tid gjeldande forskrift. Kost – betalinga kjem i tillegg til foreldrebetalinga.

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga.

Det vert gjeve søskenmoderasjon i samsvar med statlege retningsliner.

Foreldrebetalinga er månadleg med juli som betalingsfri månad, og vert regulert nærmeste 15, kvar månad. (Startar barnet i barnehagen før den 15. i kvar månad, betaler ein for $\frac{1}{2}$ månad. Startar barnet i barnehagen etter den 15. i kvar månad, betaler ein for heile månaden).

Betalingssatsane vert justerte i samsvar med endringar i maks prisen.

Kjøp av einskild – dagar:

Som eit supplement til tilbodet om 50% plass kan foreldra søkja om å få kjøpa einskilddagar ved barnehagen på den gruppa/avdelinga som barnet har plass i frå før av. Pris per einskilddag vert sett til kr 270,-.

Nasjonal ordning for reduksjon av foreldrebetalinga:

Redusert foreldrebetaling:

Frå 01.mai 2015 skal ingen hus haldningar betala meir enn 6% av inntekta si for ein barnehageplass.

Gratis kjernetid:

Frå 01.august 2016 har alle 3,4 og 5-åringar, og born med utsett skulestart, som bur i hus haldning med låg inntekt, rett til 20 timer gratis oppholdstid i barnehagen per veke. Vik kommune syner her til ei kvar tid gjeldande forskrift om dette.

Fritak for betaling i barnehagen:

1. Barn som lir av ein livstruande sjukdom som gjer at barnet ikkje kan nytta plassen i barnehagen, kan få fritak frå 1. dag i etterfylgjande månad som barnet vert teken ut av barnehagen. Det må liggja ved dokumentasjon frå lege.

2. Dersom sjukdommen gjer at barnet berre kan vera i barnehagen i periodar, skal det betalast ein dagspris utrekna til 1/25 del av den fastsette månadsprisen.
3. Andre årsaker som gjer at barnet ikkje kan vera i barnehagen over ein lengre periode.

Rådmann har fullmakt til å avgjera slike saker.

Det vert ikkje gjort fritak frå betalinga for følgjande søknader:

1. Søknader for å ta barnet ut grunna ferie

§ 14 tap av plass:

Ved misleghald av betaling er det rådmann som gjer vedtak om oppseiling av barnehageplassen.